

Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)
v/ Lise Vedeld Hammer
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 15.10.2012

Statnett SF. Kvam transformatorstasjon - høyring av konsesjonsøknad

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) har fått utsett høyringsfristen på denne saka til 15.10.12 fordi den heng saman med tilsvarande søknad om ny 132 kV kraftline over Tokagjelet. NVH går mot begge dei to framlagde alternativa til ny transformatorstasjon i Kvam, som er planlagt i samband med avløyning av eksisterande 132 kV kraftlinje mellom Norheimsund og Samnanger med ny kraftlinje.

Dette grunnar vi på følgjende:

Begge dei to alternativa må sjåast i samanheng med bygging av dei nye småkraftverka som er til konsesjonsbehandling, nærare bestemt Tokagjelet kraftverk og Øystese kraftverk. Kvam Naturvernlag har i si høyring gått mot Tokagjelet kraftverk, og både Kvam NV og NVH kjem til å gå mot Øystese kraftverk i sine høyringsuttaler, som har ny frist 1. november. Dei to transformatorstasjonane med tilhøyrande kraftliner vil gjera det lettare å byggja ut endå fleire småkraftverk i eit område som alt frå før er hardt utsett for kraftutbygging, og som er med på å øydeleggje biologisk mangfald og grunnlaget for framtidig verdiskaping innan naturbasert turisme og friluftsliv.

I tillegg til dette meiner vi at kraftlina, som går tvers over Tokagjelet i begge alternativa, medfører uakseptable inngrep i eit sårbart og mykje nytta utfartsområde for vinterturisme og med mange hytter. NVH meiner at heile Tokagjelet inkludert den gamle bilvegen som går på ei hylle i fjellet, bør vernast som kulturminne og naturdokument. Heile gjelet er ei samanhengande fossesprøytzone gjennom eit område der berggrunnen er samansett av kalkrike skifrar, som gjev grunnlag for kravfulle plante- og dyreartar som er avhengig av rennande vatn. Også av denne grunn går vi i NVH sterkt imot Statnett og AS Fjellkraft sine planar, slik Kvam Naturvernlag tidlegare har gått mot sjølve kraftverket. Trafo-stasjonen og den tilhøyrande kraftlina vil utgjera eit svært skjemmande inngrep i dette unike og lett tilgjengelege naturområdet.

Ellers viser vi til tilsvarande høyringsuttalar til Tokagjelet kraftverk og til Kvam trafo-stasjon, og ber om at våre synspunkt blir tekne omsyn til.

Med vennleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland
Oddvar Skre (saksbehandlar)
oddvar@nmvskre.no

Nils Tore Skogland (dagleg leiar)
nts@naturvernforbundet.no

Kopi til

- Kvam Naturvernlag
- Bergen Turlag